

Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	616, 6. etg., Fylkeshuset
Dato:	18.04.2017
Tid:	14:00


Anne Gine Hestetun (A) har forfall til møte. Tor Andrè Ljosland (Krf) vert kalla inn.

Program

Kl. 14:00 -	Saksbehandling
-------------	----------------

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Yrkesopplæringsnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Tom Knudsen
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 18/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 19/17	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 20/17	Referatsaker (meldingar)		
PS 21/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 09.03.2017	2017/623	
PS 22/17	Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/2018	2017/2923	
PS 23/17	Ymse		

PS 18/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 19/17 Godkjenning av møtebok forrige møte

PS 20/17 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2017/623-5
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	21/17	18.04.2017

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 09.03.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 09.03.2017 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad
fagopplæringssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, Wigandgården 8. etasje
Dato: 09.03.2017
Tidspunkt: 10:00-11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Tom Knudsen	Leiar	NHO
Roger Pilskog	Nestleiar	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Rita Jordal	Medlem	LO
Lisa Nord Hopland	Medlem	Lærlingerepr.vara

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringssjef
Anne Sara Svendsen	Leiar
Signe Sætre	Leiar
Ragnhild Ravna Skjærvik	Leiar
Trond-Harald Alvær	Spesialrådgjevar under sak 10/17
Marit Virkesdal	Seniorrådgjevar under sak 13/17
Ketdao Fredheim	Lærling
Ann-Magritt Juvik	Som sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 7/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 8/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 31.01.2017	2017/623	
PS 9/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/17	Lærekandidatordninga - eingongstilskot 2017	2017/1548	
PS 10/17	Evaluering av alternativ Vg3 slutt opplæring i skule	2016/3268	
PS 11/17	Frist for innsending av lærekontrakt/opplæringskontrakt	2017/1553	
PS 12/17	Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi – unntaksordning for 2017	2017/1553	
PS 13/17	Disponering av investeringsmidlar i opplæringssektoren 2017	2017/1128	
PS 14/17	Obligatorisk introduksjonskurs for nye medlemsbedrifter i opplæringskontor	2017/1584	
PS 15/17	Oppnemning av prøvenemnder	2017/1480	
PS 16/17	Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017	2015/9089	
PS 17/17	Ymse		

PS 7/17 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 8/17 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 31.01.2017

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 31.01.2017 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Vedtak

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 31.01.2017 vart tatt til orientering.

PS 9/17 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Vedtak

Referatsak 1/17 vart tatt til orientering

RS 1/17 Lærekandidatordninga - eingongstilskot 2017

PS 10/17 Evaluering av alternativ Vg3 slutt opplæring i skule

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek orienteringa til vitande slik det går fram av saka.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Roger Pilskog/Tom Knudsen sette fram følgjande forslag på vegne av LO/NHO

«Yrkesopplæringsnemnda konstaterer at antall elever i Vg3 klasser er høyt, også på fagområder hvor vi har kunnskap om at antall læreplasser i arbeidslivet ikke er tilstrekkelig, målt mot skolens tilbud. Nemnda imøteser fremdeles oversikt over læreplasser i både privat og offentlig sektor, og at skolens tilbud dimensjoneres ut i fra den.»

Røysting

Pilskog/Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til innstillinga med følgjande tillegg:

Yrkesopplæringsnemnda konstaterer at antall elever i Vg3 klasser er høyt, også på fagområder hvor vi har kunnskap om at antall læreplasser i arbeidslivet ikke er tilstrekkelig, målt mot skolens tilbud. Nemnda imøteser fremdeles oversikt over læreplasser i både privat og offentlig sektor, og at skolens tilbud dimensjoneres ut i fra den.

PS 11/17 Frist for innsending av lærekontrakt/opplæringskontrakt

Forslag til vedtak

Alle lære- og opplæringskontraktar skal sendast til fagopplæringskontoret innan 2 – to månader etter oppstart av læretid. På kontraktar som ikkje er mottatt innan fristen, vil startdato for læretida bli sett til den dato vi mottar lærekontrakten, og ikkje den dato læreforholdet opphavleg starta. Det vil likevel bli gitt frådrag i læretida som yrkespraksis frå startdato til den dato lærekontrakten er mottatt hjå oss.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Alle lære- og opplæringskontraktar skal sendast til fagopplæringskontoret innan 2 – to månader etter oppstart av læretid. På kontraktar som ikkje er mottatt innan fristen, vil startdato for læretida bli sett til den dato vi mottar lærekontrakten, og ikkje den dato læreforholdet opphavleg starta. Det vil likevel bli gitt frådrag i læretida som yrkespraksis frå startdato til den dato lærekontrakten er mottatt hjå oss.

PS 12/17 Læretid i byggdriftarfaget etter fullført Vg2 Elenergi – unntaksordning for 2017

Forslag til vedtak

1. Unntaksordning med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2017
2. Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd)

3. Lærebedrifta og lærlingen må vere samde i den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra. Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Unntaksordning med overgang frå Vg2 Elenergi og Vg2 Automatisering til lære i byggdriftarfaget gjeld for 2017

Vg1 Elektrofag blir godskrive med 12 mnd., og Vg2 Elenergi og Vg2 (evt Vg3) Automatisering blir godskrive med 6 mnd i høve til læretid i byggdriftarfaget. Læretida i byggdriftarfaget vert dermed 2,5 år (30 mnd)

Lærebedrifta og lærlingen må vere samde i den avkorta læretida. Lærebedrifta må søkje om få godkjent lærekontrakt på desse vilkåra. Fagopplæringskontoret gjer enkeltvedtak i saka.

PS 13/17 Disponering av investeringsmidlar i opplæringssektoren 2017

Forslag til innstilling

Investeringsmidlar for 2017 til opplæringssektoren vert fordelt slik:

1. Skulebruksplanen – planmidlar	5,00 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular	17,78 mill kr
3. Utstyrsmidlar fagskular	1,52 mill kr
4. IT og telefoni	10,70 mill kr
5. <u>Utstyrsmidlar yrkesfag</u>	<u>4,25 mill kr</u>
<u>Totalt</u>	<u>39,25mill kr</u>

Dersom midlane til eitt av områda ovanfor ikkje vert nytta fullt ut, vil fylkesdirektør opplæring omprioritere midlane til område der det er større behov.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Roald Stenseide FRP sette fram følgjande forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda vil påpeke at investeringsmidler avsatt i budsjett bør gå til å oppgradere/fornye utstyr innen verksted, fagopplæring og fagskole. Planmidler og møbler bør ikke bevilges fra dette budsjettet».

Røysting

Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til innstillinga med følgjande merknad:

Yrkesopplæringsnemnda vil påpeke at investeringsmidler avsatt i budsjett bør gå til å oppgradere/fornye utstyr innen verksted, fagopplæring og fagskole. Planmidler og møbler bør ikke bevilges fra dette budsjettet.

PS 14/17 Obligatorisk introduksjonskurs for nye medlemsbedrifter i opplæringskontor

Forslag til vedtak

1. Som eit ledd i arbeidet med å utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa, skal det vere eit krav at alle bedrifter som søker godkjenning som lærebedrift, skal gjennomføre introduksjonskurs før godkjenning vert gitt.

2. Introduksjonskurset kan gjennomførast som tradisjonelt kurs med personleg oppmøte, som e-læringskurs på nettet, eller om nødvendig ved at fagopplæringskontoret har møte med bedrifter enkeltvis.
3. Gjennomført introduksjonskurs blir dokumentert med kursbevis.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Som eit ledd i arbeidet med å utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa, skal det vere eit krav at alle bedrifter som søker godkjenning som lærebedrift, skal gjennomføre introduksjonskurs før godkjenning vert gitt.

Introduksjonskurset kan gjennomførast som tradisjonelt kurs med personleg oppmøte, som e-læringskurs på nettet, eller om nødvendig ved at fagopplæringskontoret har møte med bedrifter enkeltvis.

Gjennomført introduksjonskurs blir dokumentert med kursbevis.

PS 15/17 Opnemning av prøvenemnder

Forslag til vedtak

1. Rutinar kring opnemning vert lagt inn som ein del av arbeidet med tiltaksplanen for fagopplæringsområdet i 2017.
2. Rutineomtalen må innehalde kvalifikasjonskrav til medlemmer.
3. Arbeidet må også vise tydeleg framgangsmåte ved hovudopnemningar og vedlikehald av prøvenemnder i perioden.
4. Fagopplæringskontoret lagar ei politisk sak på opnemning som skal leverast hausten 2018. Saka skal innehalde rammer for arbeidet i 2019.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Roger Pilskog/Tom Knudsen sette fram følgjande forslag på vegne av LO/NHO

«Nytt pkt. 5 : Yrkesopplæringsnemnda viser til svar fra Virke vedrørende å bidra med forslag til prøvenemnd. Nemnda ber Fagopplæringskontoret å henvende seg til SRY vedrørende dette».

Røysting

Pilskog/Knudsen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til innstillinga med følgjande tillegg:

Nytt pkt. 5 : Yrkesopplæringsnemnda viser til svar fra Virke vedrørende å bidra med forslag til prøvenemnd. Nemnda ber Fagopplæringskontoret å henvende seg til SRY vedrørende dette

PS 16/17 Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritere:

- Arbeide med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder i tråd med tilrådingane til KS.
- Ferdigstille regional plan for kompetanse og arbeidskraft.
- Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.
- Prosjekt: kartlegging av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland.
- Prosjekt: fleire ut i lære.
- Gjennomføre 40 dialogmøte med opplæringskontor.
- Gjennomføre 100 bedriftsbesøk.
- Utarbeide lokal samfunnskontrakt i Hordaland.
- Utarbeide handlingsplan mot mobbing.
- Gjennomføre observasjon under fag-/sveineprøvar i dei 25 største faga.
- Utarbeide rutinar for oppnemning av prøvenemnder.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritere:

- Arbeide med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder i tråd med tilrådingane til KS.
- Ferdigstille regional plan for kompetanse og arbeidskraft.
- Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.
- Prosjekt: kartlegging av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland.
- Prosjekt: fleire ut i lære.
- Gjennomføre 40 dialogmøte med opplæringskontor.
- Gjennomføre 100 bedriftsbesøk.
- Utarbeide lokal samfunnskontrakt i Hordaland.
- Utarbeide handlingsplan mot mobbing.
- Gjennomføre observasjon under fag-/sveineprøvar i dei 25 største faga.
- Utarbeide rutinar for oppnemning av prøvenemnder.

PS 17/17 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 09.03.2017

Vedtak

Styreleiar Trygve Botnevik /daglig leiar May-Lill Torsvik frå Opplæringskontoret AMB Hordaland orienterte om opplæringskontoret sitt virke.

Torbjørn Mjelstad orienterte om årets søkertal, vil bli sendt ut på e-post til nemndas medlemmer. Leiar av Yrkesopplæringsnemnda ba om at tala også vert presentert for utval for opplæring og helse.

Yrkesopplæringsnemnda ber Fagopplærings sjef om å ta opp med leder for OPHE at OPHE deltar/ er orientert om Y-nemndas møter.



Arkivnr: 2017/2923-22
Saksbehandlar: Nils Skavhellen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	22/17	18.04.2017
Utval for opplæring og helse	40/17	19.04.2017
Fylkesutvalet		03.05.2017

Justering av tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane, skuleåret 2017/2018**Samandrag**

I denne saka blir det gjort framlegg om å leggje ned utdanningsprogram/programområde som har svakt søkjargrunnlag. Når det blir gjort framlegg om nedlegging tek ein utgangspunkt i kor mange som har tilbodet som primærynskje (ynskje 1). Det blir deretter også gjort ein grundig analyse av kor mange elevar skulen kan rekne med å få totalt sett ved skulestart, med særleg vekt på dei som har tilbodet som ynskje 1-3.

Det blir også gjort framlegg om oppretting av Vg3 Skipselektrikar ved Bergen maritime vidaregåande skole. Dette er eit heilt nytt programområde i utdanningsprogrammet Elektrofag og var ikkje søkbart i Vigo-systemet.

Det er sjølvsagt slik at søkjargrunnlaget er minst til skulane utanfor Bergensregionen. Dette er naturleg, og fylkesrådmannen stiller litt lågare krav til m.a. primærsøkjartal ved distriktsskulane enn i Bergensområdet. På den måten kan regionane oppretthalde eit rimeleg godt tilbod sjølv med litt lågare søkjargrunnlag.

Det er økonomisk krevjande å halde i gang tilbod med lågt søkjargrunnlag sjølv om skulane gjer sitt beste for å organisere undervisninga slik at flest mogleg av tilboda skal kunne oppretthaldast. Det er klårt at når søkjartalet er lågt over fleire år, må ein på eitt eller anna tidspunkt varsle om at dette ikkje kan halde fram over tid. I denne saka er det døme på dette under omtalen av skular nedanfor, men der fylkesrådmannen ikkje gjer framlegg om nedlegging i år.

Dei aller fleste av framlegga om nedlegging er i samsvar med skulane sine tilbakemeldingar etter søkjartala pr. 1. mars 2017. Dersom det ikkje er det, vil det vere opplyst under omtalen av den einskilde skule.

Fylkesrådmannen fekk i fylkesutvalssak 290/13 fullmakt til å justere klasse-/elevtal på grunnlag av søkjartala etter prognoseinntaket. Også desse justeringane blir kvart år, i det alt vesentlege, gjort i samråd med skulane. Justeringane som blir gjort administrativt, vil seinare bli lagt fram som melding til dei aktuelle politiske organa.

I denne saka er det tilrådd nedlegging av totalt 12 klassar. Dette er om lag det same som i 2016. I år er det særleg Vg2-klassar innfor utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon som har låge søkjartal. Dette har samband med at talet på søkjarar til Vg1 har gått ned med ca 35 % dei siste to åra.

Fylkesrådmannen ynskjer at administrasjonen, som i 2016, får fullmakt til å opprette/leggje ned innførings-

klassar for minoritetsspråklege elevar ved fleire skular dersom det viser seg å bli trong for dette. Totalt sett er det om lag 75 fleire søkjarar til desse klassane enn i fjor, dei fleste i Bergensområdet. Det kan m.a. bli aktuelt å opprette tilbod i Nordhordland, men arbeidet med å kvalitetssikre desse søknadene i høve til formelle krav er førebels ikkje ferdig, og kan difor ikkje kome med i denne saka.

Forslag til innstilling

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir **lagt ned** frå skuleåret 2017/18:

Fitjar vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign
Fitjar vidaregåande skule	Vg3 Interiør
Rubbestadnes vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Odda vidaregåande skule	Vg2 Byggteknikk
Øystese gymnas/Norheimsund vidaregåande skule	Vg2 Kjøretøy
Voss vidaregåande skule	Vg3 Landbruk
Askøy videregående skole	Vg2 Industriteknologi
Askøy videregående skole	Vg2 Data og elektronikk
Osterøy vidaregåande skule	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag
Sotra vidaregåande skule	Vg2 Industriteknologi
Knarvik vidaregåande skule	Vg2 Interiør og utstillingsdesign

2. Følgjande programområde blir **oppretta** frå skuleåret 2017/18:

Bergen maritime videregående skole Vg3 Skipselektrikar

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette innføringsklassar ved fleire skular i Hordaland dersom det viser seg at det blir behov for dette i løpet av våren/sommaren 2017
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å leggje ned innføringsklassar ved skular utanfor Bergensområdet dersom det viser seg at elevgrunnlaget blir for lite før skulestart.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.03.2017

Det er i år totalt 363 færre søkjarar med rett til vidaregåande opplæring (Ungdomsrett) enn i 2016.

Vg1-tilboda har 208 færre søkjarar enn i 2016. Det meste av denne nedgangen skuldast at talet på elevar som kjem ut frå ungdomsskulen, er ca. 180 lågare enn i 2016. Det er 281 færre søkjarar til Vg1 Studiespesialiserande enn i fjor. Dette fører til at ein administrativt må redusere talet på klassar i Bergensregionen. På den andre sida held søkjartalet til Vg1 Helse- og oppvekstfag fram med å vekse. Dette gjer at det administrativt vil bli oppretta fleire klassar på Vg1, men det slår særleg ut med oppretting av fleire klassar i Vg2 grunna den store auken av søkjarar til Vg1 i 2016.

Vg2-tilboda har 19 fleire søkjarar enn i 2016. Det er relativt store skilnader mellom dei ulike utdanningsprogramma. På grunn av færre søkjarar/elevar til Vg1 Teknikk og industriell produksjon både i 2015 og 2016 er det i år mange av tilboda innanfor dei oljebaserte programområda som har fått låge søkjartal. Dette er i år særleg tydeleg innafor Vg2 Industriteknologi. Søkjartalet til Vg2 Brønnteknikk er framleis svært lågt samanlikna med 2015 og tidlegare. På den andre sida har søkjartala til Vg2 Kjøretøy tatt seg opp dei to siste åra. Om dette er ei heldig utvikling i høve til læreplassar, er ei anna sak.

Vg3-tilboda har 174 færre søkjarar enn i 2016. Nedgangen er størst innanfor Studiespesialiserande utdanningsprogram. Elles er det slik at søkjartala til Vg3 i stor grad heng saman med elevtalet i Vg2 året før.

Søkjartala pr. 1. mars vil endre seg fram til første inntakssomgang i første veka av juli. Ved dei studieførebuande programma blir søkjartalet lågare fordi mange, særleg i Bergensområdet, søker både våre skular og private vidaregåande skular. Vi veit ikkje kven av søkerane til våre skular som også søker dei private skulane, men vi veit at søkjartalet vil bli lågare til sommaren.

Når det gjeld Vg2 og Vg3 innafor dei studieførebuande programma, er det grunn til å tru at dobbelsøking frå privatskuleelevar vil få mindre å seie i år enn tidlegare. Grunnen til dette er den nye regelen om at søkerane får førerrett til plass ved same skule som dei gjekk Vg1 eller Vg2. Det betyr at søkjarar frå privatskulane berre får plass dersom det er ledige plassar, og dermed ikkje opptar ein elevplass i inntaksperioden som tidlegare gav lengre ventetid for våre eigne søkjarar.

Ved dei yrkesfaglege programma, Vg2 og delvis Vg3, er det slik at søkjartalet til sommaren brukar å vere ein del lågare enn pr. 1. mars. Det er to hovudgrunnar til dette. Elevar sluttar i perioden 1. mars og fram til skulestart, eller dei ikkje oppnår karakterar som gjer dei kvalifiserte for inntak til høgare kursnivå. Dette kan sjølvstøtt også skje til dei studieførebuande programma, men i mindre omfang enn til dei yrkesfaglege.

Saka om framlegg til nedlegging av utdanningsprogram/programområde tek utgangspunkt i primærsøkjartalet (første ynskje) til søkerane. Det er også viktig å gjere ein analyse over sekundærsøklarane, dvs. dei som har tilbodet som ynskje 2 eller lågare. Det er fleire døme på at eit lågt primærsøkjartal ikkje betyr det same som at skulen ikkje får elevgrunnlag til dei klassane som det er budsjettert med.

Det positive i år er at nedgangen i søkjartal ikkje har ført til framlegg om fleire nedleggingar, sjølv om det reint matematisk hadde vore grunnlag for det. Fylkesrådmannen har ein vedtatt skulebruksplan som styringsverktøy, men ser også at søkerane ikkje alltid søker det som skulane har av godkjende tilbod i skulebruksplanen. Det er særleg to hovudgrunnar til dette.

Det eine er utviklinga i søkjarmønsteret til elevane. Talet på søkjarar til Vg1 Teknikk og industri har gått kraftig ned, mens søkjartalet til Helse- og oppvekstfag har gått like mykje opp. Talet på søkjarar til Vg1 Bygg- og anleggsteknikk gjekk opp i 2015 og 2016, men har flata ut att i 2017. Dei andre yrkesfaglege utdanningsprogramma har stort sett dei same (låge) søkjartala år etter år.

Den andre grunnen er at skulane utanfor Bergensområdet er meir avhengig av årgangstalet i ungdomsskulen enn skulane i Bergen. Difor må ein sjå litt lenger fram enn det eine konkrete året med dårleg søkjartal. Dersom talet på avgangselevar frå ungdomsskulen blir lågt over fleire år, vil det vere meir krevjande å oppretthalde tilbod med låge søkjartal - noko som også vil forskyve seg i høve til å kunne opprette Vg2-/ (Vg3-) tilbod i dei aktuelle utdanningsprogramma.

Grunngjeving for framlegg til endring ved den einskilde skule, skuleåret 2017/2018

Fitjar vidaregåande skule:

Nedlegging: Vg2 Interiør og utstillingsdesign
Vg3 Interiør

Vg2 Interiør og utstillingsformgjevar har 5 primærsøkjjarar, tre av desse med Ungdomsrett, til 15 plassar.

Fylkesrådmannen meiner at dette er for lite til å oppretthalde tilbodet. Skulen ynskjer i utgangspunktet å oppretthalde tilbodet, men ser sjølvstakt at søkjartalet er svært lågt og difor økonomisk krevjande å vidareføre.

Vg3 Interiør har 6 primærsøkjjarar, alle med Ungdomsrett. I tillegg er det ein søkjar som har dette som ynskje 4. Kapasitet: 15 elevplassar.

Skulen har vurdert ei organisering av undervisninga som gjer det mogleg å sjå Vg2 og Vg3 under eitt, men ser at det samla elevtalet uansett blir svært lågt i høve til tal plassar (30). Dette vil føre til ein svært utfordrande økonomisk situasjon for skulen.

Fylkesrådmannen er positiv til at skulen har prøvd å finne løysingar som kunne gjort at begge tilboda ovanfor kunne oppretthaldast. Etter fylkesrådmannen si mening vil uansett ikkje elevtalet ved dei to programma samla bli høgare enn ni. Dette vil gjere det svært vanskeleg, i praksis umogleg, økonomisk for skulen å oppretthalde tilboda.

Rubbestadnes vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi

Tal primærsøkjjarar 3, to med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 plassar.
Bakgrunnstala viser at det heller ikkje er sekundærsøkjjarar til tilbodet.

Fylkesrådmannen ser ikkje at det er grunnlag for å oppretthalde tilbodet. Dette er også i samsvar med tilbakemeldinga frå skulen

Kvinnherad vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Service og samferdsel.

Tal primærsøkjjarar 4, alle med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 plassar

Talet på primærsøkjjarar er svært lågt, og det er berre ein søkjar som kjem ut frå 10.klasse i år.

Skulen er klår over at søkjartalet er lågt, men meiner at ein kan sjå undervisninga i samanheng med Vg2 Sal, service og tryggleik. Skulen meiner at det vil vere om lag 17 elevar i ein slik kombi-klasse, og at det då vil vere økonomisk forsvarleg å oppretthalde tilbodet.

Fylkesrådmannen meier at det er lite truleg at det totalt sett vil bli 17 elevar i Vg1 og Vg2. Uansett er søkjargrunnlaget så lite - og ikkje minst fagleg svakt - at det ikkje vil vere søkjargrunnlag til ein Vg2-klasse til

neste år. Det vil difor ikkje vere rettvisst for elevane å oppretthalde eit Vg1-tilbod som ikkje kan vidareførast til Vg2 til skuleåret 2018/2019.

Fylkesrådmannen minner også om at dette utdanningsprogrammet har hatt eit svært labilt søkjartal opp gjennom åra, og har vore lagt ned fleire gonger tidlegare.

Fylkesrådmannen tilrår ut frå dette at Vg1 Service og samferdsel blir lagt ned på grunn av svært lågt søkjartal, og at det difor heller ikkje er grunnlag for noko samkøyring med Vg2.

Odda vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Byggteknikk

Tal primærsøkjjarar 4, alle med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 plassar

Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde tilbodet. Dette er også i samsvar med tilbakemeldinga frå skulen.

Fylkesrådmannen har elles vurdert det låge søkjartalet til Vg1 Idrettsfag og Vg1 Studiespesialiserande ved skulen. Det er elevgrunnlag berre til totalt ein klasse, med 10-12 elevar på Idrettsfag og ca. 20 på studiespesialiserande. Skulen må vere budd på at ein ikkje kan halde fram med så pass låge elevtal over tid, og varslar alt no at tilbodsstrukturen for skuleåret 2018/2019 vil bli vurdert i samband med klassesaka for neste skuleår.

Tilsvarande må ein i kanskje enda større grad vurdere tilbodet som skulen skal ha i Vg2 på utdanningsprogrammet Teknikk og industriell produksjon. Her har ein også hatt marginale søkjartal til Vg2 Industriteknologi og Vg2 Kjøretøy over fleire år.

Øystese gymnas/Norheimsund vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Kjøretøy

Tal primærsøkjjarar 7, av desse seks med Ungdomsrett. Kapasitet: 12 plassar

Skulen gir også tilbod om Vg2 Industriteknologi. Her er det 9 primærsøkjjarar, alle med Ungdomsrett.

I sak 296/16 til fylkesutvalet vart det frå fylkesrådmannen gjort framlegg om å gjere Vg2 Kjøretøy søkbart i vigo-systemet ved inntaket til skuleåret 2017/2018. Grunnen til dette var usikkerheita om det kom til å bli søkjargrunnlag til Vg2 Industriteknologi ut frå tendensen elles i fylket. For å sikre at skulen fekk oppretthalde eitt av programområda, dvs. Vg2 Kjøretøy eller Vg2 Industriteknologi, vart det sagt at det programområdet som hadde minst søkjargrunnlag våren 2017, skulle leggjast ned. Det passar på mange måtar bra at dette vart Vg2 Kjøretøy, sidan skulen også har overført ein del av utstyret på dette programområdet til ein annan skule i fylket.

Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde tilbodet. Dette er også i samsvar med tilbakemeldinga frå skulen

Voss vidaregåande skule

Nedlegging: Vg3 Landbruk

Tal primærsøkjjarar 5, fire med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 plassar

Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde dette tilbodet. Dette er også i samsvar med tilbakemeldinga frå skulen.

Askøy videregående skole

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi
Vg2 Data og elektronikk

Vg2 Industriteknologi har 7 primærskjolar, alle med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 plassar

I tidlegare år har det vore elevgrunnlag for denne klassen sjølv om ein hadde eit lågt primærskjartal. I år er det slik at det ikkje er sekundærskjolar nok til å oppretthalde alle tilboda ein har innanfor dette programområdet.

Fylkesrådmannen har difor lagt vekt på å oppretthalde dette programområdet ved sentrale skular i Bergensområdet med relativt kort reisetid frå fleire delar av Bergen. I Bergen Vest tilrår ein såleis at tilbodet blir lagt ned både på Askøy og Sotra vidaregåande skule, men blir oppretthalde på Laksevåg vidaregåande skole. Askøy vidaregåande skole seier i si tilbakemelding at «ein ser at grunnlaget for å oppretthalde tilbodet er vanskeleg».

Fylkesrådmannen tilrår at Vg2 Industriteknologi blir lagt ned.

Vg2 Data og elektronikk har 5 primærskjolar, alle med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 elevplassar

Dette er eit tilbod som over fleire år har hatt lågt primærskjartal, men ikkje så lågt som i år. Fylkesrådmannen meiner det er lite truleg at elevtalet ved skulestart vil vere høgare enn 10.

Fylkesrådmannen tilrår at Vg2 Data og elektronikk blir lagt ned, men at det administrativt blir oppretta ein ekstra klasse med Vg2 EI-energi for å gje skjolar med Ungdomsrett eit reelt tilbod innanfor utdanningsprogrammet.

Dette er også i samsvar med tilbakemelding frå skulen dersom fylkesrådmannen gjer framlegg om nedlegging av Vg2 Data og elektronikk.

Fylkesrådmannen gjer likevel merksam på at dette berre gjeld for skuleåret 2017/2018, sidan ein i utgangspunktet har for mange plassar i skule i høve til talet på læreplassar.

Bergen maritime vidaregåande skole

Fylkesrådmannen tilrår at det blir oppretta ein Vg3-klasse Skipselektrikar. Dette er eit nytt tilbod frå hausten 2017, og der det ikkje var mogleg å registrere seg som søker i vigo-systemet. Fagopplæringskontoret er positiv til at eit slikt tilbod blir oppretta og har fått signal om at det er søkjargrunnlag til dette programområdet. Søklarane til læreplass innanfor elektrikarfaget vil bli informerte om det nye tilbodet i skule. Dersom eit slikt tilbod blir oppretta, og får søkjargrunnlag, vil det kunne redusere talet på skjolar som står utan lærekontrakt i det ordinære elektrikarfaget hausten 2017. Fagopplæringskontoret vil også måtte hente inn informasjon om at det er læreplassar til dei aktuelle elevane etter fullført Vg3 i 2018.

Sidan Bergen maritime vidaregåande skole kan få opprette dette Vg3-programmet, vil det administrativt bli redusert ein klasse på Vg1 Elektrofag ved skulen. Dette vert gjort fordi fylkesrådmannen ynskjer å redusere tal plassar i dette utdanningsprogrammet grunna manglande tilgang på læreplassar i el-faga. Skulen er orientert om dette.

Austevoll vidaregåande skule

Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram har 10 primærskjolar med Ungdomsrett. Kapasitet: 30 plassar

Fylkesrådmannen ville som hovudregel tilrådd at dette tilbodet vart lagt ned grunna det låge søkjartalet. Når dette likevel ikkje blir tilrådd, er det fordi ein har fått informasjon både frå Austevoll ungdomsskule og Austevoll vidaregåande skule om at det i år er svært mykje uro rundt vedtaket som vart gjort av fylkestinget i desember 2016 om at Vg1-elevar ved studieførebuande utdanningsprogram har førerrett til plass ved same skule i Vg2. Austevoll vidaregåande skule har berre Vg1 Studiespesialiserande, og elevane er difor ikkje sikra plass ved ein bestemt skule til Vg2. Tidlegare konkurrerte Austevoll-elevane seg inn etter karakterpoengsum frå Vg1, men dei er no uroa for at dei blir spreidde «for alle vindar» ved inntaket til Vg2.

Fylkesrådmannen meiner at kapasiteten på Vg2 Studiespesialiserande ved skulane i Bergen er så god at det ikkje er grunn til uro over dette. Elevane i Austevoll er likevel ikkje overtydde om dette før dei ser inntaksresultatet for dei elevane som går på Vg1 i Austevoll i år, og som har søkt Vg2 i Bergen.

Skulane i Austevoll meiner at søkjartalet til Vg1 Studiespesialiserande er tilbake til det normale i 2018, men ser også at det vil vere vanskeleg å starte opp att dersom tilbodet blir lagt ned for komande skuleår. Fylkesrådmannen er samd i den vurderinga, men vil også varsle om det mest truleg blir gjort framlegg om nedlegging til neste år dersom primærsøkjartalet framleis er lågt.

Osterøy vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfag:

Tal primærsøklarar 5, fire med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 plassar

Skulen ynskjer at tilbodet skal oppretthaldast, og får i eit brev frå ordføraren i Osterøy kommune støtte i dette.

Fylkesrådmannen ser ikkje grunnlag for å oppretthalde tilbodet med så lite søkjargrunnlag. Ut frå bakgrunnstala kan skulen ikkje rekne med å få stort fleire elevar ved skulestart enn talet på primærsøklarar. Når ein også veit at det er relativt svakt søkjargrunnlag til det same programområdet ved Arna vidaregåande skule, vil fylkesrådmannen tilrå at tilbodet blir lagt ned ved Osterøy vidaregåande skule.

Sotra vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Industriteknologi.

Tal primærsøklarar 6, alle med Ungdomsrett. Kapasitet: 15

Som nemnt fleire stader i denne saka, har søkjartalet til dette programområdet gått mykje ned sidan i fjor.

Fylkesrådmannen vil i Bergen Vest satse på at Laksevåg vidaregåande skule får eit godt elevgrunnlag til dette tilbodet. Det fører til at tilboda ved Askøy og Sotra vidaregåande blir tilrådd lagt ned.

Sotra vidaregåande skule har elles to klassar ved Vg2 Kjøretøy. Desse klassane ser ut til å bli rimeleg greitt oppfylte.

Fylkesrådmannen tilrår etter dette å leggje ned Vg2 Industriteknologi sjølv om skulen ynskjer at tilbodet skal oppretthaldast.

Knarvik vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Interiør og utstillingsdesign.

Tal primærsøklarar 2, begge med Ungdomsrett. Kapasitet: 15 plassar

Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde tilbodet. Skulen gir uttrykk for det same i si tilbakemelding.

PS 23/17 Ymse